



Rydding av søppel er eit aktuelt tema om dagen både på private område og der det offentlege har ansvar. Men SIM går i tillegg ut og oppmodar om at vi blir med på aksjonen Rydd Sunnhordland som omfattar alle kommunane dei dekkjer.

Folk kan melda frå om område som erforsøpla og treng ryddast. Deretter vil SIM freista å finna fram til kven som er opphavsmannen til boset og finna fram til løysingar for avfallsleveringa.

Den som melder frå treng altså ikkje å rydda sjølv, det er nok å tipsa så tek SIM saka. Dei har sett av ein halv million til denne aksjonen.

Det er sikkert avfall som ligg og slenger også i Uskedalen og som bør fjernast.

(Foto:HusnesNett)